

KYRKJEBLAD

52. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD


Nr. 4/98

BERGSDALS- STEMNET 125 ÅR

I år er det 125 år sidan det første Bergsdalsstemnet vart avvikla. Den gongen var det på garden Rødland.

Nå er det kyrkja på Lid som er samlingsplass. I år skal stemnet vera 9. august.

På side 12 kan de lesa meir om dette.



Bergsdalen kyrkje

Foto: Daniel Lid

På side 3 har Frode Kvamsøe skrive eit stykke om smågrupper eller husfellesskap som det og vert kalla.

21. mai vart Vassbakkenstemna avvikla.

Les om det side 4

2. pinsedag var det prestegjeldsgudstenste på Vaksdal.

Les om den side 5

På side 6 og 7 finn de bilete av årest konfirmantar i Vaksdal prestegjeld.

På side 8 kan de lesa om Farne tider, og om Søndagsskulens Dag som i år skal vera på Stamnes.

Gunvor Bjørsvik har skrive eit stykke som heiter "Hjertelig lengsel".

Les det side 9

Til hausten startar nytt Alpha-kurs på Dale.

Les om det side 10

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan
5. august 1998.
Bladet kjem ut i veke 36 som byrjar med
31. august.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for
samtale. Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5280 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

**Kontortid: Tysdag og torsdag kl.
09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30**

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,

5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Asle Georg Karlsen, Boge,

5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5280 Dalekvam

LEIAR:**Lytta og be**

I apostelgjerningane kapittel
fire les me om når Peter og
Johannes vart sett fri etter for-
høyr der dei fekk påbod om ik-
kje å forkynna og læra i Jesu
namn.

Kva gjorde så Peter, Johannes
og dei andre med det?

Jo, dei vende seg til sine eig-
ne og fortalde kva dei hadde
opplevd, og dei vende seg alle
ihuga i bøn til Gud. Dei samla
krefter i sitt kristne fellesskap.

Det er viktig med eit kristent
fellesskap. Peter og Johannes
var velsigna med sitt.

Me treng alle nokon som lyt-
tar til oss, nokon me kan gå til
med vår nød og vår glede. Då er
spørsmålet om me er gode lytta-
rar.

Me treng også nokon me som
kan be for oss, eller som me kan
be saman med.

Det kristne fellesskapet stod
veldig strekt i den første kris-
tentida. Det burde ikkje vera
mindre aktuelt idag.

Skulle du vera ein som saknar
eit slikt fellesskap, går det an å
gjera noko med det. Ein måte å
koma inn i eit kristent felles-
skap på kan vera å melda seg på
eit Alpha-kurs.

For oss som allereide er med i
eit slikt fellesskap er det viktig
at me er opne, lyttande og be-
dande, slik at endå fleire kan få
ta del i dette fellesskapet.

Ver gode lyttarar og førebe-
darar!

Med desse tankane vil kyr-
kjebladet ynskja alle lesarane
ein god og velsigna sommar.

Ragnvald Kringlebotten

KYRKJESTADEN

DALE 100 ÅR

Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje bilestoff
både i svart/kvit og i fargar og er til sals
for:

kr. 150,-

**hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.**

Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam.
Tlf. 56 59 61 20

Kontingent

Me har kontakta kasserar
Asle Georg Karlsen for å høyra
korleis det ligg an med innbetalt
kontingent og gåver i 1998. Her
er tala pr. 31. mai. Tala i paran-
tes gjeld 1997.

Bladpengar: kr. 51.950,-
(kr. 47.700).

Gåver: Kr. 3540,- (2885).

Budsjett for kontingent for
1998 er kr. 55.000, så det er ik-
kje mykje att før det talet er
nådd, og det er gledeleg. Men
me er takksame om endå fleire
vil senda inn kontingent og
gåve.

R.K.

KIRKENS SOS

Tlf. 815 33 300

Døgnope

SMÅGRUPPER

- SKULLE VERE NOKO FOR DEI FLESTE AV OSS!

Gudstenesta er hovedsamlinga i kyrkjelyden, og ho er ei samling for *heile* kyrkjelyden. Her kan mange menneske koma saman. Samstundes er det slik at vi menneske treng òg mindre grupper å koma saman i, enn gudstenesta. Slike grupper vert gjerne kalla smågrupper, eller husfellesskap.

Husfellesskap

Husfellesskap kan vere eit samlenamn på ulike grupper. Dei består av eit mindre tal menneske som deler noko med kvarandre, og som kjem saman til fellesskap i ein heim.

Gruppene kan ha fleire føremål, gruppene vel sjølv kva opplegg dei skal ha. Nokon har bønegrupper, nokon har bibelstudiegrupper, nokon kallar seg samtalegrupper, andre kan hende misjonsgrupper. Misjonsforeiningar og bønegrupper kan òg vere slike husfellesskap, sjølv om dei ikkje har kalla seg nett det tidlegare.

«Teieplikt»

Eit kjenneteikn på slike grupper er at alle får høve til å koma med sine tankar og meiningar, og at det som vert sagt i gruppa ikkje er noko andre utan vidare får vite om. Ei solidarisk «teieplikt» blant dei som er med, er avgjerande for om ei slik gruppe kan fungere

Kva seier dei som er med i smågrupper?

Avisa Vårt Land fekk høve til å vitja ei slik smågruppe i Bergen

for ikkje lenge sidan, og her er nokre av kommentarane dei fekk frå dei som var med:

"- Bibelgruppen er en sjanse til å prøve ut egne tanker, få respons og nye vinklinger på de bibelske tekstene. Jeg opplever det som en veldig berikelse.

- Bibelgruppen er en anledning til å gjøre noe jeg aldri ellers ville gjøre, nemlig å studere Bibelen.

- Toleransen er ekstrem stor. Jeg føler at jeg kan si nesten alt jeg mener."

Noko for deg?

Husfellesskap/smågrupper har det vore lenge fleire stader i preste-gjeldet vårt, og fleire vil starta opp til hausten. For mange vil det vere meir aktuelt å vere med i slike, enn å berre byrja å gå til gudsteneste. Kven som helst kan kome saman i slike grupper, og dei treng ikkje leiast eller styrast av t.d. ein prest eller eit sokneråd.

Men om du kan tenkje deg å vere med i eit slikt fellesskap som ei smågruppe er, kan du kontakte Kyrkjekontoret eller ein av oss prestane. Vi vil hjelpe til, så langt råd er, å finne ei gruppe du kan vere med i. Eller hjelpe til med å skipa til ei gruppe.

Frode Kvamsøe



Det er godt å vera i eit kristent fellesskap.

Arkivfoto

Vassbakken

Tradisjon tru var fleire folk frå Vaksdal prestegjeld samla til Vassbakkenstemne på Helgetorsdag, 21. mai. Veret på førehand var ikkje det aller beste med regn og sol om ein annan. Men under sjølve gudstenesta og måltidet hadde me opphaldsver.

Speidarjenter sytte for klokkeklang både før og etter gudstenesta. Dei hadde også laga til eit fint altar.

Frode Kvamsøe forretta og Bård-Egil Dyrhol preika.

Avskjed

Bård-Egil Dyrhol heldt preika ut frå Ag.gj. 1, 1-11, og sa at avskjedsstunder er prega av gråt og vemod. - På denne dagen vart Jesus teken bort frå jorda, og det var ikkje noko lett dag for læresveinane. Likevel var det ikkje vemod, men glede og forventning som prega dagen. Jesus for opp til himmlen etter at han hadde gått rund her på jord og lært folk før han leid døden og stod opp igjen, sa Dyrhol.

På Kristi Himmelfartsdag gjekk Jesus ut av historia igjen, og tilbake til æva. For oss er dette vanskeleg å forstå. Jesus advrar mot spekulasjon om hans gjenkomst. Ei sunn og rett endtidsforventning er å leva i løftet om at Den Heilage Ande gjev kraft til oppgåvene som ligg framføre oss. Å bringa evangeliet vidare utover, er den rette forventning, avslutta Dyrhol.

Det heile vart så avslutta med leik og moro for små og store.

R.K



Helen Lunde Stamnes sytte for trekkspelmusikk til songane under friluftsgudstenesta på Vassbakken, med Jane Straume som "notestativ".

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Tormod Lid (fv.), Merete Kjelby og Caroline Hol koste seg på Vassbakken.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Prestegjeldsgudsteneste

2. pinsedag, 1. juni, var det prestegjeldsgudsteneste i Vaksdal kyrkje. Begge prestane var med og eit forsongarkor sytte for at salmesongen vart sterk og fin.

I overkant av 60 personar hadde funne vegen til Vaksdal denne kvelden i fint og strålende ver.

Under gudstenesta nytta me den nye Salmer 1997 i tillegg til den vanlege salmeboka. Fellesrådet har kjøpt inn 50 eksemplar av Salmer 1997 som ein tenkjer skal alternera rundt i kyrkjene.

Etter ei fin gudsteneste med Guds ord og salmesong gjekk me alle ut i prosesjon medan me song salmen *"Dette er dagen som Herren har gjort"*.

Pinsetekstane snakkar om ein vind som lydte då Den Heilage Ande kom til oss menneske. Denne tanken inspirerte under-teikna til dette vesle verset:

*I sommarvindsbrisen,
me høgtidar pinsen,
Den Heilage Ande
til jord kom ned,
den opplyser ordet,
frå Frelsaren store,
så vegen me finn
til frelse og fred.*

Gudstenesta vart så avslutta med kaffi, te, saft og kjeks på kyrkjebakken, der alle kosa seg i det fine veret

R.K.



Klokkar Bjørn Knutsen, Bård-Egil Dyrhol og Frode Kvamsøe på veg ut or kyrkja etter prestegjeldsgudstenesta.



Ingrid Steinkopf fylte 3 år denne dagen, ho sat på skuldrene til Bård-Egil Dyrhol medan me song bursdagssongen for ho.



Folk kosa seg på kyrkjebakken med kaker, saft, kaffi og te etter gudstenesta.

Alle foto: Ragnvald Kringlebotten



Konfirmantar Dale kyrkje 3. mai:

1. r. fv.: Synne Laastad Dyvik, Caroline Klever, sokneprest Frode Kvamsøe, Vibecke Nielsen, Birte Kyrkjeteig og Lise Janet Nottveit. **2.r.fv.:** Kjetil Kringlebotten, Anders Enger Djukastein, Aleksander Leiren Andersen, Arild Alexander Danielsen Boge, Ingve Hesjedal Lunde og Kristian Didrik Faugstad.

3. r fv.: Marie Ypsøy, Tommy Stavenes Tveiterås, Ida Ailin Hop, Morten Bruvik Erdal og Kristian Møster. **4. r. fv.:** Vidar Johannessen, Monika Dalseid, Even Stokke Solhaug, Jan Aage Knutsen og Oddbjørn Gjermo.

5. r. fv.: Matin Johan Danielsen, Thomas Grenasberg og Svein Erik Dale.

Foto: Fotograf Løtvedt



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 3. mai:

1r. fv.: Catrine Kleiveland, kapellan Bård-Egil Dyrhol, June Eide Viken og Lisa Soltvedt. **2r. fv.** Roald Danielsen, Jarle Vågenes Larsen, Eivind Aakre Steinsbø, Erling Hisdal, Hallvard Langhelle og Henrik Mogens Gundersen.

3 r. fv.: Torbjørn Audestad, Aud Marit Olsnes, John Trygve Thom Helle, Svein Hovlandsdal og Daniel Fanebust.

Foto: Fotograf Løtvedt



Konfirmantar i Starnes kyrkje 10. mai:

1. r. fv.: Kristina Straume, Tone Merethe Klausen, Eva-Sissel Brekkuhus, kapellan Bård-Egil Dyrhol, Cathrine Balestrand og Ingelin Gammersvik. **2. r. fv.:** Kenneth Simmenes, Roy Stien, Geir Anders Straume og Erlend Straume.

Foto: Ove Magne Straume



Konfirmant i Eidsland kyrkje 26. april:

Roy Starnes saman med kapellan Bård-Egil Dyrhol.

Foto: Erna Stien Starnes



Konfirmantar i Eksingedalen kyrkje 31. mai:

Fv.: Luis Andre Bolstad Eikefet, Morten Fjellanger, Maud Jane Høvik, Odd Inge Brønstad, Kenneth Furevikstrand og sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: Bjørn Eikefet

En gang

Engang før du selv kan minnes,
ble du møtt av gledens bud:
At du alltid kan få leve
som et elsket barn hos Gud.

Han som dengang tok imot deg
og som kjenner dine savn,
gav deg del i alt han eier
da du døptes i hans navn.

Du fikk korsets tegn som merke
før du noen ting forstod.
Du ble lagt i Herrens hender,
du fikk trygghet, håp og tro.

Han som møtte deg i dåpen,
kaller deg på nytt til seg.
I sin kjærlighet og nåde
vil din Gud velsigne deg.

Liv Nordhaug

Frå farne tider

Denne gongen tek me med nokre glimt frå juninummeret i 1954 og 1958.

Eidsland skule

Eidsland skule vart teken i bruk hausten 1953, men av praktiske grunnar vart den vigsla 19. juni 1954, heiter det.

Søndagskulesamling

På biletet nedanfor er søndagskulelærarar samla på trappa framfor Vaksdal kyrkje. Som ein kan sjå vert ein ikkje grå og gammal og sur i sinn av å arbeida i søndagsskulen, heiter det i teksten frå 1954.

Foto: Ukjend

Dale kyrkje

Søndag 22. juni 1958, på kongesigningsdagen, vart Dale kyrkje opna att etter at Hugo Lous Mohr hadde gjort ferdig sitt monumentale målarstykke over heile korsveggen i kyrkja. Jesu nattverd og Jesu himmelfart er levande og lysande attgjevne, heiter det i stykket frå 1958. Domprosten i Bergen heldt preika. Kallskapellan Lien gjorde utførelse greie for kunstverket. Sokneprest Totland avlutta gudstenesta med å peika på at i alle kyrkjehus i Bruvik herad stod biletkunsta i tenesta for det største av alt: *Herleggjering av Jesus*.

Dale sokn vart ynskt hjarteleg til lukke med kyrkjeprydningen.

Søndags- skulens Dag

I 1998 er det Stamnes som er staden for Søndagsskulens Dag. Det er ennå ei tid til den skal vera, men me vil allereide nå minna om den slik at dei som vil vera med kan setja av den dagen.

I år vert det søndag 6. september, kl. 11. i Stamnes kyrkje og det er Straume og Stamnes søndagsskular som skal arrangera det.

Opplegget vert slik det har vore dei siste åra med familiegudsteneste, mat og anna program.

Me vil koma attende med ei ny påminning i neste nummer, i veka før sjølve dagen.

Vel møtt til Søndagsskulens Dag.



" - Hjertelig lengsel - "

Vi vet sikkert alle hva det vil si å lengte, har prøvet det, mer eller mindre. -Men hvor må det ikke gripe oss i dypet av vårt hjerte, når vi leser om Jesu lengsel i Luk. 22,15. *"Jeg har hjertelig lengtet etter å ete dette påskelam med dere, før jeg lider."* -Det er den siste kvelden som Jesus er sammen med sine. Han har selv bedt dem å gjøre påskemåltidet istand.

Første gang de så Jesus, var ved Jordan. Døperen Johannes pekte på han. *"Se der Guds Lam, som bærer verdens synd"*. -Ikke underlig, at når det samme gjentok sig neste dag, fulgte to av dem etter han. *Guds Lam, bærer verdens synd!* Vi kjenner historien. Jesus valgte sig 12 disipler. De var grepet av Han. Så Hans herlighet, allmakt og undere. *"Hvem sier folket at jeg er?"* Han fikk høre flere svar. *"Men dere, hvem sier dere at jeg er?"* *"Du er Messias, den Levende Guds sønn"*, svarte Peter. *"Fra den tid begynte Jesus å gi tilkjende om sin lidelse, død og oppstandelse."* Matt. 16,21. Og både Matteus og Markus forteller i sine evangelier, at Jesus talte om dette tre ganger. *"Men de skjønnte ikke dette ord, og de fryktet for å spørre Ham."* Mark. 9,32.

Så finner vi Jesus og disiplene samlet på salen til påskemåltid. Luk. 22,15: *"Jeg har hjertelig lengtet etter å ete dette påskelam med dere, før jeg lider"*. -Så innstifter han Nadverden. Et synlig bevis. Brød og vin. Hans legeme og blod - til syndenes forlatelse. *"Drikk alle derav."* *"Gjør det til minne om mig."* Nadverden er blitt praktisert siden, der Evangeliet forkynnes, like til våre

dager. *"Jesus Kristus er igår og idag den samme. Ja til evig tid."* Nu er det dig og mig det gjelder. Jesus hjertelig lenges etter å møte oss, den enkelte. Han kjenner oss. Vet hvor vi bor. Joh. Åp. 2,13. Menneskefrykt må ikke holde oss borte. Da må vi be Gud om hjelp. Jesus sier i Markus 8,38: *"For den som skammer sig ved mig og mine ord i denne utro og syndig slekt, han skal også Menneskesønnen skamme sig ved, når Han kommer i sin Faders herlighet med alle de hellige engler."* Nei,

vi vil ikke skamme oss. Vi vil be Gud tilgi oss alle våre synder, og frimodig gå til nadverdsbordet, der Jesus hjertelig lenges etter å møte oss, den enkelte.

Han venter på dig, og han venter på mig. *"Han er en soning for våre synder, dog ikke bare for våre, men for hele verdens."* 1. Johs. 1,2. Jesus vil ikke miste en av oss. Han lærte oss å be "Fader Vår". Vi er trygge i Guds faderfavn - for tid og evighet.

Gunvor Bjørsvik



Kom for alt er ferdig seier Jesus

Biletet syner altertavla i Bergsdalen kyrkje.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

NYTT ALPHA-KURS

Kva er eigentleg kristendom? Kva er rett og kva er sant? Dei fleste av oss har meiningar om det meste, også om dette.

Kristen? Ateist? Truande? Tvalande?

På Alpha-kurset er det plass for alle. Her kan du bli kjend med nye folk og få nye vener. Du kan vere deg sjølv og stille alle slag spørsmål i ein fri og god atmosfære.

Til hausten startar det tredje Alpha-kurset på Dale. Dei fyrste to har vore vellukka, og dei har samla folk frå Dale, Bergsdalen, Stamnes og Vaksdal.

Kva er Alha-kurs?

Det er eit kurs om den kristne trua og har spreidd seg med rekordfart over heile verda. Kurset starta i England og har vore til hjelp for mange menneske til å få svar på viktige spørsmål. Fleire og fleire kyrkjelydar her i landet arrangerer no Alpha-kurs.

Den sosiale sida er også viktig. Kvar kurskveld startar med felles kveldsmat. Sidan er det tale over kveldens tema, og til sist ei samling i mindre grupper der vi kan tala fritt saman og hjelpa kvarandre med spørsmål ein måtte ha.

Tema

Kven er Jesus? Kvifor døde Jesus?

Korleis kan eg vera sikker i mi tru?

Korleis lesa i Bibelen?

Kvifor og korleis skal eg bē?

Korleis leiår Gud oss?

Kven er Den Heilage Ande?

Kva gjer Den Heilage Ande?

Korleis blir eg fylt av Den Heilage Ande? Korleis kan eg gjera det beste ut av resten av livet mitt?

Korleis kan eg stå imot det onde?

Kvifor og korleis fortelja til andre?

Helbredar Gud i dag?

Kva med kyrkja og kyrkjelyden?

Tid og stad

Kurset går over 10 veker med ei samling kvar veke og ein week-end eller ein laurdag omlag midt i kurset. Til slutt vert det ein Alpha-middag der deltakarane kan be med seg ein gjest.

Kurskveldane er i Dale bedehus og startar opp tidleg på hausten. Nærare opplysningar om tidspunkt og påmelding vil koma i lokalavisa. Ein kan også kontakta Kyrkjekontoret for meir informasjon.



Alle som leitar!

Alpha-kurs er for alle som vil vita meir om kristen tru, eller som leitar etter å tilhøyra eit kristent fellesskap.



Læring og latter!

Vi har mykje å læra! På Alpha-kurset går det også an å ha det moro samtidig som vi lærer meir om den kristne trua.



Pizza og Pasta!

Kurskveldane byrjar med ei god kveldsmat. Dette er eit fint høve til å bli kjend med kvarandre og få nye vener.



Hjelpa kvarandre!

I smågruppene kan vi hjelpa kvarandre med å finna svar på vanskelege spørsmål. Samtalen kan gå djupare, og du kan få hjelp til spørsmåla dine.



Alt du vil vita!

Ingen spørsmål er for store eller små, for vanskelege eller for dumme. På Alpha-kurset vil du bli teken på alvor med alle spørsmåla, idéane og tankane dine.

SLEKTERS GANG



DØYPT

DALE

31.05 Ane Ulveseth Svensson
31.05 Martin Gjeremo Schønning
31.05 Jacob Hårvik Tvedt
16.05 Michael Fenne Reed,
døypd i Kausland kyrkje

BERGSDALEN


07.06 Eirik Mellesdal
07.06 Brage Mellesdal

STAMNES

31.05 Hanne Leiren Fossmark
31.05 Endre Kallestad Hagen

EKSINGEDALEN


31.05 Thea Flatekval



VIGDE

02.05 Rune Sæterdal og
Kristine Takvam,
vigde i Arna kyrkje

30.05 Ole Henrik Nord og
Trine Lise Eneberg,
vigde i Kragerø kyrkje




AVLIDNE

DALE

12.05 Ole Dankertsen, f. 1921
29.05 Gudrun Thaule, f. 1916
03.06 Berge Veka, f. 1925
07.06 Sigurd Takvam, f. 1906

VAKSDAL

23.05 Berit Ulveraker Boge, f. 1926
28.05 Malena Ulevik, f. 1905



ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074



DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01

Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02

Avd. Stanghelle 56 59 50 35

Nye Dale



5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.

Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70

Dalegarden, 5280 Dalekvam



PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping

Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto

i 2. høgda Dale Handelsforening

tlf. 56 59 79 80

Salg av nye og brukte biler

Service alle bilmerker

Karosseri og lakk

Bilberging



DALE BIL AS

TLF 56 59 60 89 - FAX 56 59 60 04
BOKS 124 - 5280 DALEKVAM

**INDIVIDUELL
PENSJONSSPAREAVTALE**

Har du råd til å bli pensjonist?

Fast sparing i IPA gjev større pensjon og store skattefordelar.

SpareBank 1 Vest

CAMILLA'S KRO

DALE FINA SENTER

* SNITTAR 14.50

* KOLDTBORD

* FEST-LOKALE

* BEGRAVELSAR

* HEIMELAGA MAT




* BENSIN

* DAGLEGVARER

* NISTEPAKKER

* STØRST PÅ MUSIKK

tlf. 56596736



Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5280 Dalekvam

VELKOMEN TIL KYRKJE



5.juli - 5.søndag etter pinse
VAKSDAL kl.11. Kvamsøe
EIDSLAND kl.18. Kvamsøe.

12.juli - 6.søndag etter pinse
DALE kl.11 Kvamsøe.

19.juli - 7.søndag etter pinse
VAKSDAL kl.11. Kvamsøe.
STAMNES kl.18. Kvamsøe.

26.juli - 8.søndag etter pinse
DALE kl.11. Dyrhol.
EKSINGEDALEN kl.11.
Kvamsøe.

2.august - 9.søndag etter pinse
VAKSDAL kl.11. Dyrhol.
STAMNES kl.11. Kvamsøe.

9.august - 10.søndag etter pinse
BERGSDALEN kl.11. Dyrhol.
Bergsdalsstemna.
DALE kl.18. Vikar.

16.aug. - 11.søndag etter pinse
VAKSDAL kl.11. Dyrhol.

23.aug. - 12.søndag etter pinse
DALE kl.11. Kvamsøe.

30.aug. - 13.søndag etter pinse
NESHEIM kl.11. Kvamsøe.
VAKSDAL kl.18. Dyrhol.
Konfirmant-presentasjon.

6.sept. - 14.søndag etter pinse
STAMNES kl.11.
Familiegudsteneste.
Søndagsskulens dag. Dyrhol.
DALE kl.18. Kvamsøe.
Konfirmant-presentasjon.

Bergsdals- stemna 125 år

Då fyrste samlinga fann stad for 125 år sidan, var det i løa på garden Rødland. Det var eigaren av garden som etter samtalar med stølafolket rundt Hamlagrøvatnet og folket i dalen, ynskte å koma saman om Guds ord om sommarren.

Møtedagen vart aldri utlyst, alle visste at den var fast år etter år. Mange møtte fram, i 1946 var det 500 til stades. Det vart samla inn mjølk til å koka dravle, mat hadde folk med seg. Framleis har ein mat med, men no vert dravlen kjøpt ferdig.


Stemna vart halden på garden Rødland fram til 1965. Då overtok soknerådet ansvaret, og stemnestaden vart kyrkja på Lid.

Til 100-års jubileet i 1973 vart det laga ein faldar. På framsida står det: "Guds ord det er vår fedrearv". Det er vårt ynskje og vår bøn at me må ta vare på denne arven, og gje han vidare til komande slekter.

Den 9. august samlast me til gudsteneste kl. 11.00. Deretter vert det matøkt med dravle og medteken mat. Det vert leikar og styltegang etter maten, før ein samlast att til ettermiddagssamling. Der vert det ordet fritt og til slutt ein kammerkonsert med kantorane Tone Synnøve Ø. Og Olav Arne Steinkopf og Ragnar Takvam.

Vel møtt!

Bergsdalen Sokneråd



Retting

I pinsenummeret var det diverre ein feil. Blomane som vart utdelt til tre damer i Dale bedehus på vigsledagen, var frå John Ove Taule og ikkje frå Ottar Dalseid.

Me beklagar feilen.

Red.

Fjellvandringsleir

4.-6. september.

Alder: Frå ferdig ungdomsskule og eldre.
Informasjon om stad og pris får de ved at ta kontakt med:

**Norges Samemisjon,
Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen.**

**Tlf. 55 31 65 06
mellom 9.00 og 14.30,
Ikkje onsdag.**